

## Uroa over utslepp i elva

11.10.2010



Arbeidet med kloakkanlegget starta i april på Rabben. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Uskedalen Grunn- og Elveigarlag er uroa over utslepp i Uskedalselva og har teke opp saka med kommunen.**

**Leiar Kåre Vetrhus skriv slik om saka til teknisk etat.**



[Før overløpet rett i sjøen og ikkje via elva! Det er rådet frå grunn- og elveeigarlaget. \(Foto: Ola Matti Mathisen\)](#)

-I samband med utbygginga av kloakkanlegget i Uskedalen vil vi uttrykke vår uro over at overløp til kummer ved Rabben Camping og Øyro Marina og Camping kjem ut i elva. Ved gjennomgang av kloakksystemet har vi funne at det tidlegare har vore ein kloakkledning som går ut til sjøen.

Slik ståa er no vil det ved svikt i pumpeanlegget ved Rabben Camping og låg vassføring potensielt verta stor konsentrasjon av kloakk i elva på eit uheldig tidspunkt.

Dersom dette skulle skje samstundes som smolten går ut av elva, vil det få katastrofale følger for ei laksestamme som har vorte ei av dei sterkeste i Hordaland fylke.

Dette har skjedd gjennom langvarig og hardt arbeid, mellom anna i samarbeid med fylkesmannen.

Grunn- og Elveeigarlaget håpar på at tekniske tenester i kommunen vil leggja vinn på at overløp skal førast rett i sjø via eksisterende ledning heller enn at det først vert ført via elva med potensielt store konsekvensar.

Kloakken vil i alle høve ende opp i sjøen og laget kan ikkje sjå at det skulle vere gode argument for å fortsette å føra kloakken via elva når andre alternativ er tilgjengelege.

Av Ola Matti Mathisen